

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 02.06.2023

**SAKSHANDSAMAR:** Terje Arne Krokvik

**SAKA GJELD:** **Godkjenning av investering i eindoseanlegg samt tildeling av interne lån**

**ARKIVSAK:** 2023/468

**STYRESAK:** 061/23

**STYREMØTE:** 14.06.2023

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Helse Vest godkjenner investering i eindoseanlegg i Helse Fonna innafor ei kostnadsramme på 52 mill. kroner.

Helse Fonna blir tildelt eit internt lån på inntil 52 mill. kroner i 2023 kroneverdi til finansiering av bygg til eindoseanlegg.

Sjukehusapoteka Vest blir tildelt eit internt lån på inntil 20 mill. kroner kjøp av utstyr og innreiing for regionalt eindoseanlegg.

## Kommentarar

Helse Stavanger har i samband med rullering av ØLP og brev datert 06.01.2023 sendt søknad til Helse Vest om tildeling av interne lån. Dette gjeld følgjande lån:

Helse Stavanger: Byggetrinn 1	500 mill. kroner
Lokale til Helse Vest IKT og Sjukehusapoteka i BT1	160 mill. kroner

Låna er føresett utbetalt i løpet av 2024. Desse låna blir derfor vurdert i samband med budsjettprosessen for 2024 og då i samband med behandlinga av Konsernbudsjett 2024 i februarmøte.

Helse Førde har i brev datert 02.11.2022 søkt Helse Vest om et rammelån på 500 mill. kroner for å dekke likviditet til gjennomføring av investeringsplanen. I rullering av ØLP våren 2023 er likviditetsbehovet føresett dekt gjennom tilgjengeleg driftskredittramme. Vurdering av eventuelt internt lån blir derfor vurdert på eit seinare tidspunkt.

Sjukehusapoteka Vest vil på vegne av helseføretaka etablere eit eindoseanlegg i Helse Vest til bruk for eindosepakka tablettar og kapslar. Dette for å sikre identifisering av legemiddel heilt fram til pasienten. Bruk av eindose er eit viktig tiltak for pasienttryggleik.

Opphavleg var etableringa av eit slik anlegg lagt til Helse Bergen. Som følgje av mangel på areal er lokaliseringa no flytta til Helse Fonna. Det er Helse Fonna som skal gjennomføre investeringa i sin bygningsmasse. Kostnadsramma er på inntil 52 mill. kroner. Kapital og driftskostnader vil i sin tur bli dekka ved utleige av arealet til Sjukehusapoteka Vest HF.

Flyttinga av lokasjon er avklart i etterkant av behandlinga av ØLP og investeringa er derfor ikkje innarbeida i Helse Fonna sine tal. Det same gjeld tildelinga av internt lån. Nivået på lånet ligg likevel godt innafor det finansielle grunnlaget til Helse Vest RHF.

Helse Fonna har i styremøte 02.06.23 behandla sak 41-23 eindoseanlegg. I følgje gjeldande prosedyre for investeringar skal styret i Helse Vest godkjenne prosjekt med kostnadsramme over 50 mill. kroner.

Administrerande direktør vil derfor tilrå at investeringa i eindoseanlegg i Helse Fonna blir godkjent innafor ei ramme på 52 mill. kroner og at det gis et internt lån til Helse Fonna på inntil 52 mill. kroner for å gjennomføre investeringar areal til eindoseanlegget.

Sjukehusapoteka Vest vil stå for kjøp av maskinar, utstyr og laust inventar. Dei samla kostnadene til dette vil utgjere om lag 20 mill. kroner. Sjukehusapoteka Vest har i sin styresak 12/23 B vedtatt å søkje lån hos Helse Vest med 20 mill. kroner til kjøp av utstyr og inreiing for regionalt eindoseanlegg.

Administrerande direktør vil derfor tilrå at det gis et internt lån til Sjukehusapoteka Vest på inntil 20 mill. kroner til føremålet

## Konklusjon

Helse Vest godkjenner investering i eindoseanlegg innafor ei ramme på 52 mill. kroner og tildeler Helse Fonna eit internt lån på inntil 52 mill. kroner til gjennomføring av areal til eit eindoseanlegg for utleige til Sjukehusapoteka Vest.

Kapital og driftskostnader som følgje av dette blir dekt gjennom husleige til Sjukehusapoteka Vest.

Helse Vest tildeler Sjukehusapoteka Vest eit internt lån på inntil 20 mill. kroner til anskaffing av maskinar og utstyr til eindoseanlegget.